

Retningslinjer om forsterking av pengegåver til kunstinnkjøp til nasjonale og regionale museum med kunstsamlingar og pengegåver for å setje i stand norske museumsanlegg

Fastsett av Kulturdepartementet 10.02.2014

1 Vilkår for gåveforsterking

Pengegåver som skal nyttast til kunstinnkjøp til nasjonale og regionale museum med kunstsamlingar og pengegåver for å setje i stand norske museumsanlegg, utløyser ei statleg gåveforsterking til mottakaren på 25 prosent av gåvebeløpet når

- a) gåva eller gåvene utgjer minst 100 000 norske kroner
- b) gjevaren er éin eller fleire einskiltpersonar eller andre private rettssubjekt
- c) mottakaren er Nasjonalmuseet for kunst, arkitektur og design, eit museum i det nasjonale museumsnettverket som mottek støtte over statsbudsjettets kapittel 328, post 70 eller eit samisk museum som får fast driftsstøtte frå Sametinget
- d) gåva vert utbetalt etter 1. januar 2014
- e) gåva har som føremål å styrkja musea sine samlingar av visuell kunst eller istandsetjing av museumsanlegg. Istandsetjing femner i denne samanhengen om oppgradering av eksisterande bygningar og anlegg, både kulturhistoriske bygningar og driftsbygningar. Gåver til oppgradering av eksisterande utstillingar eller til nye utstillingar fell òg inn under ordninga
- f) det er utarbeidd ei skriftleg avtale om gåva, jf. punkt 4 under.

2 Korleis gåveforsterkinga skal nyttast

Gåveforsterkinga skal nyttast til same føremål som definert under punkt 1 e).

3 Forvaltninga av gåveforsterkingsordninga

Første driftsåret vil vera eit prøveår, og ordninga skal forvaltast av Kulturdepartementet.

4 Saksbehandling og utbetaling

Ein føresetnad for at gåver skal kunna utløysa ei gåveforsterking er at gjevar og mottakar har avtalt skriftleg

- a) kva gåva skal nyttast til
- b) storleiken på gåva
- c) korleis vilkåra for tildeling og krava til bruken etter punkta 1 og 2 skal oppfyllest
- d) om gjevaren sitt namn skal knytast til gåva
- e) om gjevaren skal haldast orientert om korleis gåva vert forvalta og nytta
- f) andre viktige tilhøve.

Det er mottakaren som kan søkja Kulturdepartementet om gåveforsterking. Søknaden skal vera underteikna av leiaren for verksemd og må innehalda dokumentasjon for at gåva er innbetalt til mottakaren sin konto og at vilkåra for gåveforsterking er oppfylte. Er vilkåra for gåveforsterkinga oppfylte, tildeler Kulturdepartementet gåveforsterkinga og opplyser om rapporteringskrava etter punkt 6.

Kulturdepartementet utbetaler gåveforsterkinga. Er det ikkje dekning for å utbetala alle gåveforsterkingane i det budsjettåret søknadane vert mottekne, vil dei verta prioriterte i den rekkefølga dei vart mottekne. Dei resterande utbetalingane vert overførte til det påfølgjande budsjettåret etter same prioritet. Kulturdepartementet kan justera forsterkningsprosenten for gåveforsterkingane i seinare år, justeringa kan òg femna om eventuelle utbetalingar i kø. Dersom ordninga vert avvikla, fell retten til utbetalingar som ikkje er gjennomførte bort.

5 Mottakaren si forvaltning av gåva og gåveforsterkinga

Gåva og gåveforsterkinga skal forvaltast på ein sikker og trygg måte. Bruk av gåva skal omtalast i årsmeldinga og årsrekneskapen åt institusjonen.

6 Rapportar, revisjon og kontroll

Mottakaren skal straks informera Kulturdepartementet om endringar som fører til at vilkåra etter punkta 1 og 2 ikkje er oppfylte.

Som del av ordinær, årleg rekneskapsrapportering skal mottakaren dokumentera at gåver og gåveforsterkingar vert forvalta i samsvar med punkt 5. Både gåver og gåveforsterkingar skal spesifiserast i rekneskapen.

Kulturdepartementet kan innhenta underliggjande rekneskapssinformasjon frå mottakaren for å kontrollera at gåva og gåveforsterkinga er nytta i samsvar med punkt 2.

7 Krav om tilbakebetaling

Kulturdepartementet kan krevja gåveforsterkinga heilt eller delvis tilbakebetalt dersom vilkåra for tildelinga eller bruken av gåva eller gåveforsterkinga etter punkta 1, 2, eller krava etter 5 og 6, ikkje er oppfylte. Vi gjer merksam på at dersom tilskotsmottakaren har motteke tilskot på bakgrunn av urette opplysningar, kan dette i særlege tilfelle rammast av føresegnene i §§ 270-271 i straffelova.

8 Klagerett

Kulturdepartementets vedtak kan påklagast til Kongen i statsråd.

9 Ikraftsetjing

Retningslinene gjeld frå 10.02.2014.